


Jul i Flor'n til Bjarne

12. des. 06
STRILEN



HUSFLID OG GLØGG: Bjarne Skintveit har opna den gamle flor'n sin for husflidmesse før jul. Her slår han av ein prat med utstillar Jan Fredrik Larsen.

MELAND: Det er lenge sidan det var kyr i flor'n til Bjarne Skintveit på Steinberget Gardstun. Men kvar jul fyllest den opp med julestemning og gåver med særpreg.

Av Per Kristian Eilertsen

– Folk spør meg allereie tidleg på hausten om det vert julemesse i år

og, fortel Bjarne Skintveit, som har hatt husflid i flor'n ni år på rad.

– Her kjem folk innom med familien og får vaflar og gløgg. Eg trur folk synst det er koseleg, fortel Bjarne. Og koseleg ser det ut. Båsar til kyrne er erstatta med benkar lagd av høyballar, og bord fylt av julepynt og brukskunst. Gassovnar gjev koseleg varme, og ei duft av gløgg og vaflar fyller rommet. Her får du ikkje berre gåver. Du kan sitja ned og slappa litt

av i førjulsstria, og la julestemninga senka seg.

– I år har me seks ulike utstillarar. To av dei er nye. Og me delar på å stå her, seier Bjarne. Nett no har han selskap av Jan Fredrik Larsen, som sel maleri. Det er mest ein hobby, men han synst det er kjekt å få selt nokre av bileta.

Og viss du ikkje vil vera innandørs, kan du rusle ut og hogga ditt eiga juletre i skogen til Bjarne. Så langt har han ikkje selt so mange, men storinnrykket av juletrekjo-parar ventar han neste helg.